

Fylkesmannen i Telemark
Postboks 2603

3702 SKIEN

Sakshandsamar: Lárus Thór Kristjánsson
Telefon: 46814859
Seksjon: Planseksjonen
Vår referanse: 15/6407
Dykkar referanse: 2014/1140
Vår dato: 27.08.2015
Dykkar dato: 08.05.2015

Att: Morten Johannessen

KRAGERØ KOMMUNE TELEMARK - HØYRING AV FORSLAG TIL VERN AV JOMFRULAND NASJONALPARK OG STRÅHOLMEN LANDSKAPSVERNOMRÅDER

Vi syner til tidlegare korrespondanse og vil med dette kome med fråsegn til nemnte verneforslag for Jomfruland (nasjonalpark) og Stråholmen (landskapsverneområde).

Områda som skal vernast etter Nasjonalparkmeldinga (St.meld., 62 1991-92) omfattar utvalt landareal, strandsona på både øyane og i tillegg sjøområda rundt Jomfruland.

Verneformålet for nasjonalparken sine sjøarealar dreier seg i hovudsak om naturtypar på sjøbotnen s.s. tareskog, ålegrasenger, blautbotn- og skjelsandområder samt gyte- og oppvekstområde for fisk og skaldyr i vassmassane. Vernet av ovannemnte naturtypar skal ta utgangspunkt i økosystemet i og utanfor nasjonalparken.

Når det gjeld landareal, omfattar vernet i nasjonalparken på Jomfruland og i landskapsvernområdet på Stråholmen tradisjonelt vern av naturtypar. Her kan vi nemne t.d. kystnære sandmarker, -dyner og edellauvskog. Kystlandskapet skal også vernast bae på land og i sjø. Vernet omfattar strandvoller og rullestein som er karakteristiske landskapsformer for områda. Det same gjeld for kulturminner på land og i sjø. Vitskaplege referanseområde er også eit sentralt tema i verneformåla for områda. I utarbeidinga av forslaga, har ein teke omsyn til bruk bae på land og i sjø.

Fiskeristyresmaktane skal forvalte marine biologiske ressursar slik at miljøet vert ivareteke og næringane også får høve til normal drift og utvikling. Det er ein del fiske i områda med passive reiskap. Her snakkar vi om t.d. fiske etter flyndreartar, pelagiske artar, hyse, sei m.v. Det er også aktivt fiske etter reke og kreps i sjøareala rundt øyane. Her nyttar fiskarane aktiv reiskap (trål). Slikt fiske kan kome i konflikt med verneformålet når det gjelder blautbotnområder. Vi merkar oss at dette

spørsmålet har vore diskutert både med vårt regionkontor (Region Sør) og med de lokale fiskarlagane i området. Det kan sjå ut til at dei gode råd og vink som desse sakkunnige har kome med, har vore teke omsyn til i forslaget.

Det er føregår også fiske med not i områda. Fisket er avhengig av gode plassar til låsetjing av fangsta. I nasjonalparken er det to aktuelle og godt brukte låsetjingsplassar. Desse er:

- Arøybukta (brisling i månadane januar og august – desember)
- Skjørsviken (brisling i månadane januar og august – desember og sild i same periode)

Fiskeridirektoratet legg vekt på at tradisjonelt notfiske med låsetjing får høve til å halde fram og kan ikkje akseptere vern som vil forby det. Vi meiner låsetjing av fisk er ein del av norsk kystkultur som er i tilbakegang og må verte teke spesielt omsyn til i framtida.

Vi marker oss at når det gjeld landområda er konsekvensutgreiinga av vernet relativt grundig og gjennomtenkt med omsyn til bruk og vern. Det same kan vi diverre ikkje seie om størstedelen av foreslått verneareal, nemleg sjø. Det vert vist til rapport frå NIVA og nokre uttalar og rapport frå Havforskningsinstituttet. NIVA sin uttale dreier seg i hovudsak om miljøinformasjon henta frå nasjonalt prosjekt for kartlegging av marine naturtypar som vert leia av Miljødirektoratet og Fiskeridirektoratet. Tenkjeleg effekt av vernet på samfunnet og fiskerinæringa er etter vårt syn er ikkje godt nok utgreidd. Likevel må vi konkludere med at resultatet har vorte akseptabelt ettersom næringa og fiskeristyresmakta har vore teke omsyn til ved utforming av verneforslaget.

Vi har i tillegg til arbeidet med vernet av Jomfruland og Stråholmen tidlegare delteke i arbeidet med Ytre Hvaler nasjonalpark i Østfold. Når ein samanliknar § 3.1 b i føresegna for Ytre Hvaler med § 3.2. a i føresegna for Jomfruland kan man sjå klår tekstforskjell i desse to føresegna.

I § 3.2. a for Jomfruland står:

Høsting av villlevende marine ressurser etter havressursloven, med unntak av bunntråling.

I § 3.1. b i føresegna for Ytre Hvaler står:

*I sjøområder med restriksjoner på sjøbunnen (sone A på vernekartet) må det ikke iverksettes tiltak som kan påføre organismer og strukturer på havbunnen skade, som f.eks. oppankring, dumping av masse, legging av kabler, bunnskraping eller **bruk av fiskeredskaper som slepes under fiske og som i den forbindelse kan berøre bunnen**. Opplistingen er ikke fullstendig.*

*Forbudet mot fiskeriaktivitet er også hjemlet i havressursloven. Oppankring for å fortøye mot land er tillatt.
(Vår utheving).*

Vi meiner at føresegna med dei same verneformål for sjøbotn bør vere mest mogleg like.

Konklusjon

Vi kan gå for nemnte verneforslag for Jomfruland og Ståholmen med føresetnad om at låssetjing av fisk vert tillate. Difor rår vi til at føresegna får en ny § 1.2. i s, som lyder:

Låssetting av fisk.

Vi vil også rå til at føresegna for Ytre Hvaler nasjonalpark og Jomfruland nasjonalpark harmonerer når det gjeld høve/ikkje høve til næringsfiske. Difor rår vi til at § 3.2. a lyder:

Høsting av villlevende marine ressurser etter havressursloven, med unntak av høsting med fiskeredskap som slepes under fiske og i den forbindelse kan berøre bunnen.

Med helsing

Frank Jacobsen
seksjonssjef

Lárus Thór Kristjánsson
seniorrádgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift

Mottakarliste:

Fylkesmannen i Telemark Postboks 2603 3702 SKIEN

Kopi til:

Ressursavdelingen Postboks 185 5804 BERGEN
Sentrum

Jens Christian Holm Postboks 185 5804 BERGEN
Region Sør Sentrum

Liv Holmefjord